

---

*Frå eldst til yngst  
- om overganger i barnehagar og  
skular  
i Tysnes kommune*

---



I dei fleste overganger vil barna gå frå å vere eldst til å bli yngst. Frå stor heime til minst i barnehagen. Frå eldst på trinnet til yngst på neste trinn. Me veit at overgangsprosessar kan vera sårbare og kan støtte eller svekke eit barn si utvikling, sjølvbilete og livsmeistring. Hovudmålet med plan for overgangar er å gjere overgangane så trygge som mogleg, og sikre kontinuitet og heilskap i utdanningsløpet.

## Forord

I Tysnes kommune skal alle barn ha eit godt oppvekstmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Barnehagane, skulane og dei ulike fagtenestene skal samarbeida om å skapa gode og trygge overgangar for alle.

## Innleiing

Målet med overgangsplanen er å sikra alle barn, unge og deira føresette dei same rammene. Det skal vera samanheng i heile oppvekstløpet. Hovudfokus i dei einskilde einingane er tryggleik med fokus på relasjonar.

Kunnskapsdepartementet tilrår eit ekstra fokus på arbeidet med overgangar for å fremja at barnehagen vert avslutta på ein god måte, og at skulen er budd på å ta imot barnet. Barnet skal verta kjend med skulen i god tid før skulestart, og det skal vera samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule.

Vidare rår departementet til at pedagogar i barnehage og skule har felles møteplassar for å avklara forventningar, kompetanseutvikling og felles planlegging. Det vert gitt råd om at kommunen tek initiativ til samarbeidstiltak, slik at tiltaka er synlege i kommunale mål og planar.

Barnehage- og skuleeigar har det overordna ansvaret for å leggja til rette for samarbeid.

Føresette skal ha moglegheit til å medverka til ein trygg og god overgang mellom einingar, og dei skal ha høve til å medverka i overføring av informasjon. *«Dersom barnehagen skal gje skulen informasjon om enkeltbarn, skal foreldra samtykkje til det. Foreldra må få innsyn i og kunne påverke informasjonsutvekslinga. Jf. «Rammeplan for barnehage».*

Tysnes kommune deltek i den nasjonale satsinga *Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis*. I samband med dette er det gjennomført ei kartlegging av alle tilsette i skule og barnehage sin kompetanse innan eit vidt felt. Som følge av kartlegginga har me utarbeidd ein plan for implementering av kompetanse på overgangar. I skuleåret 2022/2023 vil ein ha særleg fokus på overgangar og korleis me kan legge til rette for gode og tydelege rammer i overgangssituasjonar. Dette vert implementert i det vidare arbeidet. Me vil særleg sjå på kommunikasjon om og i overgangar, og korleis me kan sikra gode og tydelege beskjedar. Her vil me også få god øving i kartlegge alle overgangane me har, og me har fokus på vaksenrolla og korleis me utøver verdisynet vårt. På denne måten vil me legge til rette for at alle barn og unge i barnehage og skule skal oppleva gode, trygge og heilskaplege overgangar.

## Pedagogisk bru

I Tysnes kommune er me opptatt av å etablere system som kvalitetssikrar arbeidet med overgangar i alle ledd.

Arbeid med overgangar er forankra i leiinga, både kommuneleiing og leiing i dei ulike einingane.

Ein viktig møteplass i dette arbeidet er «Barn og utdanning», her møter rektorane i skulane og styrarane i barnehagane til jamlege møte. Typiske tema kan vere felles kompetanseheving, kompetanse-deling, og systemarbeid som vil gjelde og vere nyttig for alle. Her vil ein også setje fokus på overgangar, både på plannivå, men også på praksisnivå. Heilt konkret kan dette vera arbeid med

vaksenrolla, barne- og elevsyn, korleis ein meiner at dei vaksne skal møta barn og elevar, kva for verdiar som skal stå i fokus og kva haldningar skal rå i synet på barn og elevar.

For at dei ulike overgangane skal opplevast som trygge og gode på alle område er det viktig at alle vaksne har same kunnskap og kompetanse.

Ein har og sett fokus på praktiske element som t.d «overgangs-objekt», dette kan vere ein perm eller liknande som føl skulestartarane frå barnehage til skulen, denne inneheld t.d songar, dikt og andre leiker som barnehagebarna er kjent med. Tilsvarande kan vera aktuelt for elevane som går over frå barnetrinn til mellomtrinn.

Tysnes kommune er opptatt av alle barn og elevar skal møte den same praksisen uavhengig av kva eining ein høyrer til.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis (2022-2025) er eit nasjonalt tiltak for leiarar og tilsette i barnehagane, skulane og PP-teneste, og skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på barna og elevane som har behov for det. Det skal og bidra til at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule. Tysnes kommune har i dette løftet valt å rette fokus mot arbeidet med overgangar og på den måten etablere ein felles pedagogisk ståstad for alle som arbeider med barna og elevane.

## Hospitering

Tysnes kommune set av tid til hospitering mellom alle einingane som skal ta imot nye barn.

Målsetjinga er å fremje ein trygg og god overgang for alle, uansett alder. I løpet av ei hospiteringsveke skal skulestartarane besøkjer skulen i lag med trygge vaksne frå barnehagen. Dei elevane som skal flytte frå Uggdal skule til Tysnes skule (4. til 5. trinn) får besøkje Tysnes skule, og elevane som skal frå mellomtrinn til ungdomstrinn til Onarheim og Tysnes skule skal få besøkje ungdomsskulen. Hospiteringa vert lagt til mai/ juni kvar år. Kvar eining vil ha konkrete planer for innhaldet og organiseringa av denne veka.

Innskrivingsdag for skulestartarane vert lagt til ein dag i løpet av hospiteringsveka.

10.trinn får i løpet av skuleåret høve til å hospitere på ulike vidaregåande skular. Dette vert organisert av yrkesrådgjevar ved Tysnes skule.

I det følgjande finn ein ei forklaring knytt til dei ulike overgangane.

## Når barn begynner i barnehage

Når barna begynner i barnehagen er dette ein stor overgang frå å vere heime med mor eller far. Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpassa rutinar og organisera tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhørsle og tryggleik til å leika, utforska og læra. Barnehagane inviterer nye barn på besøk i løpet av vår/ sommar.

## Overgangar internt i barnehage og barnehage til barnehage

I Tysnes kommune er me merksame på at alle overgangar kan opplevast ulikt og vera krevjande for nokon. Barn og føresette sin rett til å medverka vil og bli i varetatt ved interne overgangar, og pedagogisk leiar eller styrar vil drøfte evt. informasjon som skal overførast med ulike avdelingar/barnehagar.

For barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp (§ 31) og vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne (§37), skal det vera tilbod om overgangssamtale med ny avdeling/barnehage.

## Overgang frå barnehage til skule og SFO

Barnehagelova § 2 a og Opplæringslova § 13-5 seier at barnehage og skule har plikt til å samarbeida om ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen skal utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, i samband med overgangen til skule og SFO

Barnehage og skule må ha samtykke frå foreldra for å dela opplysningar om einskildbarn. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleva at det er samheng mellom barnehage, skule og SFO. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynna på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga. (Rammeplan for barnehagar)

## Overgang for barn med spesielle behov for støtte

Det er særleg viktig å sikre ein trygg og god overgang for barn som treng særleg tilrettelegging i kvardagen. Dersom det er behov for omfattande tiltak i ny eining er det viktig å melde i frå til skule om dette i god tid før skulestart. For barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp (§ 31) og vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne (§37) skal ha tilbod om overgangssamtale med barnehage/ skule. (Barnehagelova)

## Overgang frå småtrinn til mellomtrinn og frå mellomtrinn til ungdomstrinn

Tysnes kommune er organisert slik at me har ein skule med mellomtrinn og ungdomstrinn, ein skule med både mellomtrinn og småskuletrinn og ein skule med berre småskuletrinn. Alle desse elevane skal til slutt møtast på Tysnes skule og ungdomstrinnet. Det er difor viktig at me legg til rette for ein felles haldning til overgangane, og sikrar alle dei same føreseielege rutinane som ligg i overgangen.

Forsking viser at tryggleik og føreseielege rammer fremjar gode og trygge overgangar. Det er difor viktig å ha fokus på dette både med dei yngste barna og når dei veks til og gjerne skal ut av kommunen.

Føresette skal og vere trygge på at den nye skulen skal ha tilstrekkeleg informasjon og kunnskap om einskildbarnet, slik at dei kan ta imot nye elevar på best mogleg måte.

## Overgang frå grunnskule til vidaregåande skule

For mange elevar kan dette opplevast som den største overgangen i skulesamanheng. Her er viktig at skulen legg til rette for at elevane kan få, og skaffe seg den informasjonen dei treng for å kunne ta eit godt val til vidaregåande skule.

«Den enkelte eleven har rett til rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval. Utdannings- og yrkesrådgivinga har som formål å bevisstgjere og støtte eleven i val av utdanning og yrke og utvikle kompetansen til den enkelte til å planleggje utdanning og yrke i eit langsiktig læringsperspektiv».

Føresette vil framleis ha ei viktig rolle i denne overgangen, og skulen må leggje til rette for at også føresette kan få, og skaffe seg tilstrekkeleg informasjon slik at dei kan hjelpe elevane til eit godt val.

## Overføringsinformasjon

For at barnehage og skule skal vere så godt rusta som mogleg til å ta i mot nye barn er det viktig å leggja til rette for overføringssamtalar. I barnehagen vil alle foreldre til skulestartarane bli inviterte til foreldresamtale om våren før skulestart. Med utgangspunkt i det einskilde barnet vert ein samde i kva informasjon som skal delast med ny eining. Ein vil leggje til rette for at foreldre kan delta i eventuell møteplass mellom barnehage og skule og mellom skulane. I praksis vil det bety at både barnehage, skule og foreldra kan ta initiativ til at informasjon vert overført. I tilfelle der barnehage eller skule meiner det er til barna sitt beste å dele konkret informasjon vert det lagt til rette for det, enten ved at foreldre er med på overføringsmøte, eller formidlar til pedagog eller lærar det som dei ynskjer overført.

## Overføringsprosedyre

Barnehagane gjennomfører barnesamtalar og foreldresamtaler med vekt på kva barnet, foreldra og barnehagen vurderer som viktig informasjon.

Skule sender ut informasjon, og ein type spørjeskjema om kva dei vurderer som viktig at skulen er kjent med til heimen før hospiteringsveka.

Både heim, barnehage og skule kan ta initiativ til møter ein meiner det er behov for.

## Aktuelle lenkjer

Språkløyper: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kompetansepakker/>

Kompetansepakker, UDIR: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kompetansepakker/>

Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Rammeplan for SFO: <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Læreplan, overordna del: <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/om-overordnet-del/>  
Kunnskapsdepartementet sin rettleiar *Frå eldst til yngst – Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole*:

## Overgangsplan Tysnes kommune

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/veileder/f-4248-fra-eldst-til-yngst.pdf>

Læringsplakaten – Prinsipp for opplæring i skolen:

[http://www.udir.no/upload/larerplaner/Fastsatte\\_lareplaner\\_for\\_Kunnskapsloftet/prinsipper\\_lk06.pdf](http://www.udir.no/upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloftet/prinsipper_lk06.pdf)

## OVERGANGSPLAN GJELD ALLE OVERGANGAR

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
1,5 år før overgang/ så snart som mogleg.	Melding til mottakarskule om store og omfattande tiltak (til dømes ombygging)	Styrrar, helsesjukepleiar, rektor, vedlikehald	Melde til skulen v. rektor og kommunalsjef oppvekst.

## OVERGANGSPLAN FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
Haust	Samling for alle førskulebarna	Styrarar	Lage plan for heile året i styrargruppa.
Februar	Barn med særskilte behov	Barnehagane kallar inn	Møte mellom rektor og styrar og føresette. Helsestasjon og PPT, kan vere naturlege samarbeidspartnar,
April/ Mai	Foreldremøte for skulestartarane Bli kjent med dei andre foreldra.	Rektor kallar inn via barnehagane	Informasjonsmøte om rutinar i samband med overgang barnehage - skule. <a href="#">Helsestasjonen</a> , <a href="#">barnevern</a> , <a href="#">fysioterapeut</a> og <a href="#">psykisk helsearbeidar</a> er med og informerer.
Vår	Førskulesamling		
Mai	Barnesamtale.	Styrar/pedagogisk leiar.	Bruk felles mal
April/ mai	Skuleførebuande foreldresamtalar, ferdig til 1. mai	Styrar/pedagogisk leiar.	Barnehagen kallar inn til foreldresamtale.
April/ Mai	Overføringssamtale	Barnehagane kallar inn til møte. NB! Samtykke NB! Barn som ikkje går i barnehage.	Møte mellom foresatte, barnehage og skule ved behov.
Mai/ Juni	Overføringsmøte Lærer/ pedagogisk medarbeidar besøk i barnehage	Styrar/ Rektor	Møteplass for overføringsinformasjon på systemnivå



Overgangsplan Tysnes kommune

Juni	Hospitering (alle overgangar) Innskriving	Rektor og styrar Ped.leiarar og kontaktlærarar	
------	--	--	--

## OVERGANGSPLAN FRÅ ONARHEIM SKULE OG UGGDAL SKULE TIL TYSNES SKULE

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
Vårhalvåret	Tysnes skule har samtalar med rektor og kontaktlærarane på dei andre skulane.	Rektor, Tysnes skule	Informasjon om alle elevar, særleg vekt på dei elevane som treng spesiell tilrettelegging.
Februar	Vurdering av ressursar på ny skule.	Rektorane ved Onarheim, Tysnes og Uggdal skular	Utlysningar
Vårhalvåret	Representant ved Tysnes skule deltek i aktuelle samarbeidsfora for elevar med særskilte behov siste halvår	Rektor avgivarskule	
Vårhalvår	Foreldremøte for nytt 8.trinn	Adelingsleiarane, rektor	
Juni	Besøk på Tysnes skule	Rektor, Tysnes skule	Invitasjon
Juni	Nye og gamle kontaktlærarar samtalar med kvarandre og utvekslar elevinformasjon	Rektorane ved Onarheim, Tysnes og Uggdal skular	Informasjon om alle elevar, særleg vekt på dei elevane som treng spesiell tilrettelegging.
Juni	Overføring av elevmapper, portfolio og eventuelt andre hjelpemiddel som skal overførast til ny skule.	Rektor, avgjevande skule	Rektor mottakar skule har ansvar for å formidla til eige personale.
August	Informasjon om nye elevar til lærarar og anna involvert personale.	Rektor, Tysnes skule	

## OVERGANGSPLAN FRÅ TYSNES SKULE TIL VGS

TID	OPPGÅVER	ANSVARLEG	MERKNAD
Haust 10. klasse	Foreldremøte om vidaregåande opplæring og utdanningssystemet.	Rektor, Tysnes skule	Yrkes- og utdanningsrådgjevar deltek
September	Samtykkeskjema om overføring av naudsynt informasjon mellom grunnskule og vgs signerast av føresette på utviklingssamtale haust.	Kontaktlærar	
September	Samtale med elevar og føresette om søknad om fortrinnsrett til vgs for elevar med særskilde behov.	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	
September	Søknad om fortrinnsrett til vgs for elevar med særskilde behov. Frist 1. oktober.	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	
Haust	Individuell samtale med alle elevar om utdanningsval	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	
Januar/februar	Foreldremøte om søknadsprosessen i samband med opptak til vgs.	Rektor, Tysnes skule	Yrkes- og utdanningsrådgjevar deltek.
Januar	Søknadsfrist 1. februar for elevar som søker plass i vgs på individuelt grunnlag eller med fortrinnsrett.	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	Kan gjelda minoritetsspråklege
Februar	Søknadsfrist til ordinært opptak for plass i vgs 1. mars	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	

## Overgangsplan Tysnes kommune

Mai/juni	Overføringsmøte mellom grunnskule og vgs for elevar med fortrinnsrett	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	
Juni og August	Overføring av informasjon mellom grunnskule og vgs om elevar som søker ordinært opptak, men som har spesielle behov.	Yrkes- og utdanningsrådgjevar	